



Arkiv: FE-202, TI-&14
JournalpostID: 26/10799
Saksbehandlar: Merete Nerland
Dato: 02.02.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Stad kontrollutval	
26/093	Stad formannskap	03.09.2026
26/096	Stad kommunestyre	10.09.2026

Sluttrapport investeringsprosjekt 4104 , 4520 og 4513 samt overføring av restmidlar til prosjekt 4500 - Oppgradering kommunale bygg

Bakgrunn for saka:

Den 23.01.2025, i KS-sak 25/008, vedtok kommunestyret revidert økonomireglement for Stad kommune. I økonomireglementet sitt kap. 8.9, 3. avsnitt står følgjande:

«For alle investeringsprosjekt med budsjettert kostnad eks. mva. på kr 5.000.000,- eller meir, skal det utarbeidast eige sluttrekneskap. Sluttrekneskapen skal vere attestert av revisor og leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før den vert sendt til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak».

Administrasjonen legger no fram sluttrapport, inkl. sluttrekneskap, for 3 investeringsprosjekt til handsaming jf. økonomireglementets kap. 8.9., med tilråding om å overføre restmidlar til prosjekt 4500 (Oppgradering kommunale bygg).

Det blir oi denne saka gjort framlegg om å overføre restmidlar frå andre investeringsprosjekt til prosjekt 4500. Dette gjelder investeringsprosjekt som er avslutta og som har hatt ei investeringsramme på under 5 mill. For disse prosjekta er det ikkje krav om sluttrapport jf. økonomireglementets kap. 8.9.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Sluttrapport for investeringsprosjekta 4104 - Heggjabygda vassverk, 4520 - Gjerdane barnehage og 4513 - Beredskapssenter Nordfjordeid vert godkjent slik dei ligg føre.
- Restmidlar frå prosjekt 4104, 4520 og 4513 på kr. **834.458,-**, jf. tabell 4 under, blir overført til prosjekt 4500 – Oppgradering kommunale bygg.
- Restmidlar på kr. **4.630.194,-** frå avslutta investeringsprosjekt med budsjettramme på under 5. mill. eks. mva., jf. tabell 4 under, blir overført til prosjekt 4500 – Oppgradering

kommunale bygg.

Vedlegg i saka:

02.02.2026	4104 Heggjabygda vassverk - Intensjonsavtale	1824818
02.02.2026	4104 Heggjabygda vassverk - Sluttrekneskap	1824821
07.07.2026	4104 Heggjabygda vassverk - Sluttrapport	1870668
03.02.2026	4104 Heggjabygda Vassverk - Revisoruttale	1824986
07.07.2026	4520 Gjerdane barnehage - Sluttrekneskap	1870665
07.07.2026	4520_Gjerdane barnehage - Sluttrapport	1870666
07.07.2026	4520 Gjerdane barnehage - Revisoruttale	1870667
07.07.2026	4513 Beredskapssenter Nordfjordeid - Sluttrekneskap	1870669
07.07.2026	4513 Brannstasjon Nordfjordeid - Sluttrapport	1870670
07.07.2026	4513 Beredskapssenter Nordfjordeid - Revisoruttale	1870671
02.09.2026	Melding om vedtak Sluttrapport investeringsprosjekt 4104, 4520 og 4513 - uttale frå kontrollutvalet	1880560

Stad formannskap 03.09.2026:

Handsaming:

Administrativ merknad: Det er ein plasseringsfeil av komma slik at sum restmidlar i punkt 3 i framlegg til vedtak er feil. Administrasjonen får mynde til å rette dette.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

F - 26/093 Vedtak:

1. Sluttrapport for investeringsprosjekta 4104 - Heggjabygda vassverk, 4520 - Gjerdane barnehage og 4513 - Beredskapssenter Nordfjordeid vert godkjent slik dei ligg føre.
2. Restmidlar frå prosjekt 4104, 4520 og 4513 på kr. **834.458,-**, jf. tabell 4 under, blir overført til prosjekt 4500 – Oppgradering kommunale bygg.
3. Restmidlar på kr. **4.630.194,-** frå avslutta investeringsprosjekt med budsjettramme på under 5. mill. eks. mva., jf. tabell 4 under, blir overført til prosjekt 4500 – Oppgradering kommunale bygg.

Saksopplysningar:

Sluttrapport inkl. revisorattest for investeringsprosjekt 4104 og 4520 ligg vedlagt denne saka. Under er ei kort oppsummering av prosjekta.

Prosjekt 4104 - Heggjabygda vassverk

Heggjabygda vassverk var eit privateigd vassverk som var blei utbygd på 1970-talet. Vassverket forsynte dei fleste bustadane i Heggjabygda med reint vatn. Vasskjelda var Sætrevatnet og vassverket var bygd ut med reinsing for fjerning av farge samt desinfisering av vatnet.

Eigarane av Heggjabygda vassverk tok kontakt med gamle Eid kommune med førespurnad om overtaking av vassverket. Kommunestyret i Eid kommune gjorde i KS-sak 180/17 (14.12.2017) og KS

057/18 (26.04.2018) vedtak om å overta Heggjabygda vassverk. Dette under føresetnad av at alle abonnentar som var tilknytt Heggjabygda vassverk betalte eit anleggstilskot på kr 15.000 i tillegg til ordinært tilknytingsgebyr. 6. Juni 2018 blei intensjonsavtale signert (sjå vedlagde *Intensjonsavtale Heggjabygda vassverk*).

Eid kommunen fekk utarbeidd ein rapport kor ein vurderte 2 ulike alternativ.

1. Å forsyne Heggjabygda med vatn frå det nye reinseanlegget på Nor (Hornindalsvatnet).
2. Vidare bruk av eksisterande vasskjelde (Sætrevatnet) samt oppgradering av eksisterande reinseanlegg i Heggjabygda.

Eid kommune valde å gå vidare med alternativ 1.


Kommunestyret i Eid kommune og Stad kommune har til saman innvilga kr. 10.754.227,- til gjennomføring av dette prosjektet (sjå kap. 4 i vedlagde *4104 Heggjabygda vassverk - Sluttrapport*).

Følgjande tiltak har vore gjennomført:

- Riving/fjerning av eksisterande høgdebasseng i betong
- Bygging av nytt høgdebasseng
- Legging av ny vassleidning (land- og sjøleidning) frå reinseanlegget i Nor til nytt høgdebasseng i Heggjabygda.



Nytt høgdebasseng



Kart som viser lokasjonen til Heggjabygda vassverk

Sluttrekneskapen for prosjektet er vist i tabell 1 under, samt i vedlegg *4104 Heggjabygda vassverk – Sluttrekneskap*.

År	Budsjett (kr)	Faktisk kostnad (kr)	Avvik/restmidlar (kr)	Kommentar
2018	4 000 000,-			KS-sak 18/159
2019	1 204 227			Restmidlar frå prosjekt E4246 - Hornindalsvatnet VA
2019	4 000 000,-			KS-sak 19/067

2020	1 500 000,-	8 702 985,-		KS-sak 20/100
2021		136 122,-		
2022		165 380,-		
2023		188 612		
2024		143 411,-		
2025		163 755,-		
Sum:	10 754 227,-	10 618 396,-	135 831,-	

Tabell 1: Sluttrekneskap for prosjekt 4104. Alle summer er eks. mva.

Prosjekt 4520 – Gjerdane barnehage

Tidlegare Eid kommune vedtok i KS-sak 091/18 å byggje ut Gjerdane barnehage med 2 nye avdelingar. Dette for å imøtekomme et aukande behovet for barnehageplassar i kommunen. Det vart i denne saken løyvd 1 mill. kroner til planlegging.

I KS-sak 21/145 den 29.10.2021 vedtok Stad kommunestyre å setje av til saman 25,75 mill. kroner til prosjektet. Etter at detaljprosjekteringa var gjennomført i 2021-2022 blei kostnadsestimatet på prosjektet justert opp. Kommunestyret gjorde den 15.09.2022 i KS-sak 22/107 følgjande vedtak:

«Investeringsbudsjettet for Gjerdane Barnehage blir justert i samsvar med kostnadsoverslag på 31.6 mill. eks. mva.»

Etter å ha hatt prosjektet ut på anbod våren 2023 viste det seg at det var behov for å justere budsjettet ein siste gang. Kommunestyret gjorde difor i KS-sak 23/063 den 04.05.2026 følgjande vedtak:

«Investeringsbudsjettet for Gjerdane barnehage blir justert til 37 millionar kroner eks. mva. Auke i kostnad vert finansiert med låneopptak i 2024.»

Av disse 37 millionane er 1 mill. finansiert av tidlegare Eid kommune, medan Stad kommune har finansiert dei resterande 36 millionane.

Etter kvart som prosjektet nærma seg slutten viste det seg at det kom til å bli igjen ein del midlar på prosjektet. I KS-sak 25/184 den 12.12.2025 blei 1 mill. frå teke frå prosjektet og frigitt til finansiering av seinare vedtak om bruk av lån. Når sluttrapporten no blir lagt fram er budsjetttramma for prosjektet på 36 millionar kroner.

Gjerdane Barnehage er ferdig bygd med to nye avdelingar (som planlagd og vedteke) med tilhøyrande uteområde, samt nye lokalar for tilsette inkl. garderober, kantine, arbeidsplassar, reinholdssentral og møterom. Kommunen overtok bygget i juni 2024, hadde 1 års-synfaring juni 2025 og kunne kvittere ut mangelliste frå 1 års-synfaring i januar 2026.



Gjerdane barnehage – Før utbygging



Gjerdan barnehage – Etter utbygging

Sluttrekneskapen for prosjektet er vist i tabell 2 under, samt i vedlegg 4520 Gjerdane barnehage – Sluttrekneskap.

År	Budsjett (kr)	Faktisk kostnad (kr)	Avvik/restmidlar (kr)	Kommentar
Før 2020	1 000 000,-			KS-sak 091/18
2021	25 750 000,-	310 000,-		KS-sak 21/145
2022	5 850 000,-	1 656 096,-		KS-sak 22/107
2023	5 400 000,-	10 713 256,-		KS-sak 23/063
2024		22 293 955,-		
2025	-1 000 000,-	756 126		KS-sak 25/184.
Sum:	36 000 000,-	35 729 804,-	270 196,-	

Tabell 2: Sluttrekneskap for prosjekt 4520. Alle summer er eks. mva.

Prosjekt 4513 – Beredskapssenter Nordfjordeid

Arbeidstilsynet gjennomførte i 2016/2017 postale tilsyn med landets brannstasjoner. Under dette tilsynet ble det avdekket store avvik ved m.a. brannstasjonen på Nordfjordeid. Det var påpekt manglende garderobar, rein og skitten sone, ventilasjon/avtrekk m.m.

Følgjande politiske vedtak er gjort m.t.p. finansiering av prosjektet (alle summer eks. mva.):

- 577.000,- overført til Stad kommune sitt rekneskap for 2020 frå prosjekt 4804 i Eid kommune.
- 1.000.000,- i kommunestyresak KS 19/067 – Økonomiplan 2020-2023 (Stad kommune)
- 9.000.000,- i kommunestyresak KS 21/187 – Handlingsprogram 2022-2025 (Stad kommune)
- 21.300.000,- i kommunestyresak KS 22/173 – Handlingsprogram 2023-2026 (Stad kommune)
- -4.000.000,- i kommunestyresak KS 25/184 - Sluttrapport investeringsprosjekt 1200 og 4502 samt frigjeving av midlar i pågåande investeringsprosjekt

Samla sett har budsjettet for prosjektet vore på 27.877.000,- eks. mva.

Prosjektet har gjennomført ombygging av eksisterande base for brannvesenet og kommunalteknisk eining slik at bygget no stettar dei krav arbeidstilsynet stiller til slike bygg. Det er etablert rein og skitten sone, gode garderobetilhøve, lovleg ventilasjonsanlegg med avtrekksvifter for eksos, møteromsfasilitetar, kontorarbeidsplassar og vognhall/verkstad for bilar og materiell. Det har også blitt etablert ein stålhall til lagring av utstyr samt eit sandlager og ein carport. Kommunen overtok bygget i mai 2023. Det vart halden 1 års-synfaring i mai 2024. Dei siste 2 åra har ein arbeidd med å få på plass dei delane av prosjektet som skulle gjerast i eigenregi som t.d. flytting av sandlager, gjerde rundt delar av eigedomen, etablere snøfangarar på tak av lagerbygg m.m.



Før byggjестart



Arbeid med stålhall og carport (i bakgrunnen)



Fasade etter ombygging



Ny garderobe

Sluttrekneskapen for prosjektet er vist i tabell 3 under, samt i vedlegg 4513 *Beredskapssenter Nordfjordeid – Sluttrekneskap*.

Kostnadspost	Budsjett (kr)	Faktisk kostnad (kr)	Til gode (kr)	Kommentar
Prosjektering		2.071.221,-		
Nybygg		24.474.318,-		Byggjekostnader til entreprenør samt kostnader til inventar, utstyr m.m.
Uføresette kostnader		1.222.452,-		Endringsmeldingar
Offentlege gebyr		18.748,-		
Moms		6.630.830,-		
Totalkostnad	34.846.000,-	34.417.569,-	428.431,-	

Tabell 3: Sluttregneskap for prosjekt 4513.

Frigjere midlar i prosjekt som er avslutta og som har hatt budsjett på under 5 mill. eks. mva.

Kommunen har ein del pågåande investeringsprosjekt som har vist seg å være underbudsjettert. Spesielt gjelder dette delprosjekt under hovudprosjekt 4500 – Oppgradering kommunale bygg. Kvart år gjer kommunestyre vedtak om bruk av investeringsmidlar på prosjekt 4500. Pengane blir nytta til prioriterte tiltak (delprosjekt) på kommunens bygningsmasse. Det blir kvart år gjort ei fagleg vurdering på kva tiltak som skal gjennomførast. Investeringsmidlane som kommunestyret innvilgar blir så fordelt mellom disse delprosjekta (så langt pengane rekker).

For 2026 var planen å få gjennomført følgjande tiltak:

1. **Reparere fasade på Selje skule (275.000,-)**
Arbeida er bestilt og igangsett.
2. **Skifte varmepumpe Eid idrettshus (4,3 mill.)**
Arbeida er bestilt og igangsett.
3. **Skifte vindauge i gymsal Selje skule (600.000,-)**
Arbeida har vore ute på tilbudsfrørespurnad. Manglar 120.000,- for å få fullfinansiert tiltaket.
4. **Skifte varmepumpe Selje skule (3 mill.)**
Har gjennomført oppgradering av SD-anlegg (220.000,-). Har søkt Enova om støtte til tiltaket og fått innvilga 420.000,- Manglar 2,36 mill. for å få fullfinansiert tiltaket. Dagens varmepumpe har vore ute av drift i om lag 1 år. Selje skule får no varme frå el-kjele.
5. **Etablere Carport legekontor Eid (500.000,-)**
Har ikkje starta på dette arbeidet pga. manglande finansiering.
6. **Tilbakeslagssikring vassleidning kommunale bygg (1,42 mill.)**
Har ikkje starta på dette arbeidet pga. manglande finansiering. Er komet varsel om tvangsmulkt frå kommunalteknisk eining dersom tilbakeslagssikringane ikkje er på plass innan 31.12.2027.

For 2026 blei det avsett 3 mill. kr. på prosjekt 4500. Med restmidlar frå 2025, er budsjettet for 2026 på 5,28 mill. kr. Summen av tiltaka som var planlagt gjennomført viser seg no å komme på om lag 10,1 mill. kr. Det betyr at vi manglar **4,82** mill. for å få gjennomført alle tiltaka.

Prosjektavdelinga har som følge av manglande budsjettmidlar satt på vent dei delprosjekta kor ein ikkje har inngått binande avtale med entreprenør. Dette gjelder delprosjekt 3, 4, 5 og 6. Arbeidet med prosjektering og innhenting av prisar på disse delprosjekta er i gong og for nokre av disse allereie gjennomført. For at ein skal kunne få fullført eitt eller fleire av disse delprosjekta, er ein avhengig av meirfinansiering.

Kommunen har ein del investeringsprosjekt med ei kostnadsramme på under 5 mill. som no er avslutta. I økonomireglementets kap. 8.9 står m.a. følgjande: «*Alle investeringsprosjekt vert rekneskapsmessig avslutta kvart år i samband med årsavslutninga av investeringsrekneskapen.*» I praksis betyr dette at når eit investeringsprosjekt er avslutt så blir restmidlane frigitt og nytta til

finansiering av seinare vedtak om låneopptak.

I samband med underbudsjettering av delprosjekt under prosjektnummer 4500 (Oppgradering kommunale bygg), er det eit ønsker frå administrasjonen om å kunne nytte restmidlar frå ferdigstilte prosjekt til å få fullfinansiert delprosjekt som er igangsett under prosjekt 4500. Dette gjeld både restmidlane frå dei 3 prosjekta som vi no legg fram sluttrapport for (4104, 4520 og 4513) samt restmidlar frå ferdigstilte prosjekt med ei budsjetttramme på under 5. mill. Oversikt over kva prosjekt dette gjelder er vist i tabell 4 under.

Forklaring til tabell 4:

- *Kolonne 1:* Prosjektnummer
- *Kolonne 2:* Prosjektnamn
- *Kolonne 3:* Ubrukte budsjettmidlar på prosjektet pr. 01.01.2026.
- *Kolonne 4:* Kostnadar på prosjektet frå 01.01.2026 til 08.07.2026.
- *Kolonne 5:* Budsjettmidlar som kan nyttast til andre prosjekt

Alle summar i tabell 4 under er eks. mva.

Prosjekt nr.	Prosjekt	Tilgjengeleg budsjett 2026	Rekneskap pr. 08.07.2026	Budsjettmidlar som kan frigjevast
Prosjekt med budsjett over 5. mill. eks mva.				
4513	Beredskapssenter Nordfjordeid	710.868,-	282.437,-	428.431,-
4104	Heggjabygda vassverk	135 831,-	0,-	135.831,-
4520	Gjerdane barnehage	270 196,-	0,-	270 196,-
SUM				834.458,-
Prosjekt med budsjett under 5. mill. eks mva.				
4001	Reguleringsplanar	1.800.000,-	0,-	1.800.000,-
4401	Sentrumsutvikling Selje	740.000,-	0,-	740.000,-
4402	Sentrumsutvikling Flatraket	117.600,-	0,-	117.600,-
4403	Sentrumsutvikling	1.332.000,-	0,-	1.332.000,-

	Leikanger			
4515	Enøk-tiltak 2024	356.000,-	0,-	356.000,-
4523	Toalett Eid ungdomsskule	446.000,-	160.806,-	285.194,-
SUM				4.630.194,-
SUM				5.464.652,-

Tabell 4: Midlar som kan frigjevast frå prosjekt som er avslutta i 2026

Vurdering:

Dei investeringsmidlane som kommunestyret kvart år tildeler prosjekt 4500 blir nytta til tiltak som har blitt vurdert som kritiske for drift av kommunale bygg og tenester. Anten i forhold til Helse, Miljø og Tryggleik for brukarane av bygget eller i forhold til bygningsteknisk drift.

For 2026 blei det løyvd 3 millionar kroner til prosjekt 4500. Etter at kommunestyret har vedteke investeringsbudsjettet (i desember kvart år), gjer administrasjonen dei endelege prioriteringane på kva delprosjekt som kan gjennomførast under prosjekt 4500.

Som regel vil ein investeringssum på 3 mill. kunne finansiere nokre små tiltak. Planen i år var mellom anna å skifte varmpumper på Eid idrettshus, Selje skule og Rådhuset på Nordfjordeid (denne varmpumpa er ikkje prioritert i år). Kostnadsestimatet for utskifting av disse 3 varmpumpene vart sett til 3 millionar for alle 3. Etter at ein har starta detaljprosjektering og fått inn prisar, så viser det seg at kostnad pr. varmpumpe ligger på mellom 3 og 4,3 millionar. Den varmpumpa som hastar mest med å få skifta og som har blitt prioritert (Eid idrettshus) har ein kostnad på 4,3 millionar. Denne summer er større enn det som blei løyvd for oppgradering av alle kommunale bygg i 2026 (3 mill.). Sjølv med restmidlar frå 2025, som gjer at årets budsjett er på 5,28 millionar, vil ein ikkje kunne utføre dei tiltaka som ein hadde planlagt. Dette pga. av at kostnadane er mykje større enn budsjettet.

Igangsette delprosjekt under hovudprosjekt 4500 (Oppgradering kommunale bygg) manglar **4,82** millionar for å kunne ferdigstillast. Restmidlar på kr. **5.464.652,-** frå avslutta prosjekt jf. tabell 4 over, bør gå inn til å restfinansiering av disse delprosjekta.

Dersom ein ikkje får midlar til å prioritere alle delprosjekta (3-6) i år, så er delprosjekt 3 (Skifte vindaug Selje skule) og delprosjekt 4 (Ny varmpumpe Selje skule) dei viktigaste å få gjort i år.

Økonomisk berekraft:

Frigjevne midlar vil være med på å gjere driftsutgiftene på kommunale bygg mindre.

Varmpumpa på Selje skule har vore ute av drift i om lag 1 år. All straum til dagens oppvarming går

då via el-kjele. 1 kWh straum frå elkjele gir om lag 1 kWh varme. Ei varmepumpe har ein årsvarmefaktor (SCOP) på 3-4, noko som betyr at den leverer 3-4 kWh varme pr. brukte kWh straum.

Vindauga i gymsal på Selje skule er gamle (frå om lag 1970) og mange av dei er punkterte. Ved å skifte dei ut med nyare vindauger, med lågare U-verdi, vil ein spare straumutgifter.

Sosial berekraft:

Ikkje relevant.

Miljømessig berekraft:

Ikkje relevant.